



## **TIPS FOR Å KOMA MED INNSPEL TIL KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2019 - 2032**

For at Sveio kommune enkelt skal kunne sortere og vurdere innspel og merknader som kjem inn til arbeidet med kommuneplanen for Sveio, ber vi om at konkrete innspel til planarbeidet vert ført inn i **MAL FOR INNSPEL TIL KOMMUNEPLAN FOR SVEIO 2019-2032** eller at informasjonen vi ber om i malen i det minste vert lagt ved innspela. Her er det viktig å hugsa namn og kontaktinformasjon på forslagsstillar, kva innspelet gjeld, ev. plassering av nye tiltak, gards- og bruksnummer der tiltaka er tenkte og grunngeving for innspelet.

***I første hand er kommunen interessert i å få inn innspel som er av meir overordna karakter, då dette er ein overordna plan som vil ha direkte betydning for bustad- og næringsutvikling, hytteutbygging, tiltak i strandsona, friluftsliv, landbruk, kulturminne, naturmiljø mv. i kommunen.***

Eksempel på forslag til innspel av overordna karakter kan vera forslag til nye område for grønstruktur, nye turstiar, godt eigna byggjeområde for bustader, gode løysingar for tiltak i strandsona som opnar for tiltak og samtidig legg til rette for allmenn tilkomst, område for næringsverksemd, område for friluftsliv eller fritidsaktivitetar m.v. Her snakkar vi om så vel ny utbyggingstiltak som verneinteresser.

Innspela må vera så konkrete og tydelege at kommunen enkelt kan tyda og vurdere dei. Innspel som omhandlar nye eller endra arealføremål i planen må følgjast av eit eller fleire kart som viser kva konkret område som er føremål for innspelet. Avgrensinga av nytt eller endra arealføremål kan teiknast inn for hand eller elektronisk via nokon kartteneste på Internett, f eks fonnakart.no. I nokre tilfelle kan det vera hensiktsmessig å leggja ved bilete av området som innspelet omhandlar for å tydeleggjere og spesifisere plasseringa.

Jo meir detaljerte innspela er, desto lettare vert det for sakshandsamarane i kommunen å vurdere dei.

I dei tilfelle der innspela treng kart for å spesifisere kva område innspela gjeld så kan karta hentast ut frå mellom anna [www.fonnakart.no](http://www.fonnakart.no), [www.norgebilder.no](http://www.norgebilder.no) og [www.seeiendom.no](http://www.seeiendom.no). I den første og siste linken kan ein gjere søk i kartet med adresse eller gards- og bruksnummer for å finne korrekt lokalitet. Fonnakart er kanskje den beste karttenesta å bruke til innspel då det er mogleg å søke opp eigedomar og å teikne direkte i kartet. Korleis ein skriver ut/lagrar kart og korleis ein kan teikne i Fonnakart er å finne på ein anna link.

LINK TIL KOMMUNEN SINE PLANAR

Gjeldande **Kommuneplan for Sveio 2011-2023:**

<https://www.sveio.kommune.no/tekniske-tenester/plan-bygg-og-eigedom/gjeldande-planar/kommuneplan/>

**Gjeldande kommunedelplan for Sveio sentrum og og Førde og reguleringsplanar:**

<https://www.sveio.kommune.no/tekniske-tenester/plan-bygg-og-eigedom/gjeldande-planar/kommunedelplanar-og-reguleringsplanar/>